

Uttale – framlegg til utvida plangrense for Midtmarka og Rotemyra

I sakspapira til formannskapet sitt møte 29. mars d.å. går det fram at Statens vegvesen hausten 2015 starta opp førebuande arbeid med Kommunedelplan for E39, eit planarbeid som skal leggja til rette for ny 4-felts E39 frå Flatøy til Eikefett inklusiv ny bru over Hagelsundet nord for eksisterande bru. Planprogrammet konkluderer m.a. med at kommunen sin områdeplan bør regulera trase for ein framtidig lokalveg frå dagens eksisterande kryss sør på Flatøy, over Flatøy, til eksisterande Hagelsund bru. Med bakgrunn i dette tilrår no Statens vegvesen at ein for første byggetrinn ser på mogleg tilkomst til planområdet frå eksisterande kryss sør på Flatøy, og at denne tilkomstvegen til Midtmarka i framtida kan inngå i eit samanhengande lokalvegssystem vidare over E39 og Rotemyra til eksisterande Hagelsundet bru.

Me har følgjande merknader til framlegg til utvida plangrense, områdeplan Midtmarka og Rotemyra:

Område A

I området ved eksisterande kryss sør på Flatøy er det planlagt ein kollektivterminal med eit omfattande tal parkeringsplassar. Kollektivterminalen er også hovudbusstoppet på Flatøy der m.a. alle skuleborna og pendlarar skal reisa dagleg. Sykkelveg er også planlagt i det same området. Det er no lagt opp til å auka biltrafikken gjennom området og eksisterande rundkøyning ved at all trafikk til Midtmarka frå Bergen/Holsnøy skal passera her. I tillegg må også all biltrafikk ut av Meland kommune passera her. All trafikk til og frå Framo Flatøy passerar gjennom same rundkøyning/området.

Meland kommune er i sterk vekst. Denne løysinga er kritisk med omsyn til trafikktryggleik for dei mjuke trafikantane. Vi er også sterkt kritiske til om området har kapasitet til ein slik auke i trafikken.

Den skisserte løysinga for lokalveg har også sterke ulemper i høve til støy for eksisterande busetnad. Me som bur her på Flatøy opplever at støyen frå E39 etter omlegginga med midtdelar har auka. Ei løysing med lokalveg høgare opp i terrenget parallelt med E39 vil auka støyen mykje. Dette vil forringa livskvaliteten til innbyggjarane på store delar av Flatøy.

Begge dei skisserte alternativa medfører riving av løa til Gnr 1/Bnr 1 og er lagt tett opp til eksisterande busetnad. Det eine alternativet er også lagt svært tett opp til eksisterande busetnad vidare ut til Midtmarka. Dette ser me på som svært uheldig og ei lite framtidsretta løysing.

Forslag til løysing

Me er av den oppfatning at det er fullt mogleg å laga gode løysingar, utan for store inngrep for av- og påkjøring til Midtmarka, ved eksisterande avkjøring frå Knarviksida. Med den erfaringa me som bur i Nordhordland har med utbygging av dyre vegløysingar i området, er det direkte usannsynleg at E39 med 4-feltsløysing kan realiserast dei næraste tiåra. I det perspektivet må alle instansar gjera sitt beste for å finna tenlege løysingar for både eksisterande innbyggjarar og nye. Det er god plass til ei rundkøyning. I dette tilfellet bør politikarane krevja at Statens vegvesen tillet ei slik løysing. Eit alternativ til rundkøyning kan vera avkjøring frå sør under eller over E39.

Ved å lage ei midlertidig av- og påkjøring til Midtmarka ved eksisterande avkjøring, ved betongblandeverket, kan ein betre planleggje eit heilskapleg, gjennomtenkt og framtidsretta lokalvegnett og gang- og sykkelstiar på heile Flatøy.

På denne bakgrunn ser me ikkje at det er behov for å utvida plangrensa i sør.

Område B

Når det gjeld område B i utvidinga av plangrensene meiner me at dette er ei bra løysing for rekreasjon og friluftsliv.

Flatøy 23.mai 2017

Ståle Andersen
Linda Andersen
Stein Arne Blomberg
Nina Cecilie Svendsen

Anders Jørgen

John Ole Andersen
Bente Solberg Nyhammer
Hans-Peter Dage Erhus
Anne Siri
Stig Langseth

Kari Kangerud
Svein Erik Fathelle
Marie Morken
Jørgen Jørgensen
Ingunn S. Furnes
Astrid Fløystad
Alise B. Sudmann
Malene Westervik
Yngvild B. Sudmann
Elva Njøs Flatoj

Kristin Austegard
Ake Austegard
Solveig Strand

Helge A. A.
Eivind A. A.
Tannung S. Andersen

Wolfgang Sigurd Fjærestad
Knut Solberg
Trude Kvansdal Solberg
Vibeke Samuelsen

Torodd Solberg
Birkje Annesen

Geulborg Kolstad
Jan Toar Reigstad
Ege S. Edman
Jønt Eikhaug
Jone Eikhaug

Arvid Fløystad
Lisvold Sudmann

Uttale – framlegg til utvida plangrense for Midtmarka og Rotemyra

I sakspapira til formannskapet sitt møte 29. mars d.å. går det fram at Statens vegvesen hausten 2015 starta opp førebuande arbeid med Kommunedelplan for E39, eit planarbeid som skal leggja til rette for ny 4-felts E39 frå Flatøy til Eikefett inklusiv ny bru over Hagelsundet nord for eksisterande bru. Planprogrammet konkluderer m.a. med at kommunen sin områdeplan bør regulera trase for ein framtidig lokalveg frå dagens eksisterande kryss sør på Flatøy, over Flatøy, til eksisterande Hagelsund bru. Med bakgrunn i dette tilrår no Statens vegvesen at ein for første byggetrinn ser på mogeleg tilkomst til planområdet frå eksisterande kryss sør på Flatøy, og at denne tilkomstvegen til Midtmarka i framtida kan inngå i eit samanhengande lokalvegssystem vidare over E39 og Rotemyra til eksisterande Hagelsundet bru.

Me har følgjande merknader til framlegg til utvida plangrense, områdeplan Midtmarka og Rotemyra:

Område A

I området ved eksisterande kryss sør på Flatøy er det planlagt ein kollektivterminal med eit omfattande tal parkeringsplassar. Kollektivterminalen er også hovudbusstoppet på Flatøy der m.a. alle skuleborna og pendlarar skal reisa dagleg. Sykkelveg er også planlagt i det same området. Det er no lagt opp til å auka biltrafikken gjennom området og eksisterande rundkøyring ved at all trafikk til Midtmarka frå Bergen/Holsnøy skal passera her. I tillegg må også all biltrafikk ut av Meland kommune passera her. All trafikk til og frå Framo Flatøy passerar gjennom same rundkøyring/området.

Meland kommune er i sterk vekst. Denne løysinga er kritisk med omsyn til trafikktryggleik for dei mjuke trafikantane. Vi er også sterkt kritiske til om området har kapasitet til ein slik auke i trafikken.

Den skisserte løysinga for lokalveg har også sterke ulemper i høve til støy for eksisterande busetnad. Me som bur her på Flatøy opplever at støyen frå E39 etter omlegginga med midtdelar har auka. Ei løysing med lokalveg høgare opp i terrenget parallelt med E39 vil auka støyen mykje. Dette vil forringa livskvaliteten til innbyggjarane på store delar av Flatøy.

Begge dei skisserte alternativa medfører riving av løa til Gnr 1/Bnr 1 og er lagt tett opp til eksisterande busetnad. Det eine alternativet er også lagt svært tett opp til eksisterande busetnad vidare ut til Midtmarka. Dette ser me på som svært uheldig og ei lite framtidsretta løysing.

Forslag til løysing

Me er av den oppfatning at det er fullt mogleg å laga gode løysingar, utan for store inngrep for av- og påkjøring til Midtmarka, ved eksisterande avkjøring frå Knarviksida. Med den erfaringa me som bur i Nordhordland har med utbygging av dyre vegløysingar i området, er det direkte usannsynleg at E39 med 4-feltsløysing kan realiserast dei næraste tiåra. I det perspektivet må alle instansar gjera sitt beste for å finna tenlege løysingar for både eksisterande innbyggjarar og nye. Det er god plass til ei rundkøyring. I dette tilfellet bør politikarane krevja at Statens vegvesen tillet ei slik løysing. Eit alternativ til rundkøyring kan vera avkjøring frå sør under eller over E39.

Ved å lage ei midlertidig av- og påkjøring til Midtmarka ved eksisterande avkjøring, ved betongblanderverket, kan ein betre planleggje eit heilskapleg, gjennomtenkt og framtidsretta lokalvegnett og gang- og sykkelstiar på heile Flatøy.

På denne bakgrunn ser me ikkje at det er behov for å utvida plangrensa i sør.

Område B

Når det gjeld område B i utvidinga av plangrensene meiner me at dette er ei bra løysing for rekreasjon og friluftsliv.

Flatøy 23.mai 2017

Eva Boathlid

Gir Ekehåug

Hanne Karin Ekehåug

Margrete Flatoy

Bund Ohntad

Zarke Ohntad

Marianne Knarvik Eide

Ter Ole Eide

Merethe Mork

Elin H. Austegard

Bente H. D. Lvingjorde

Petter Lvingjorde

Kjartan I. Jensen

F. Perlehaug

Jon J. Vikking

Dag A Sudmann

Anne Renit S. Skolse

Svein Skolse

Morm Sudmann

Renate F. Høiland

Fred Arne Andersen

Natalia Berge

Kim Samuelson